



Arkoconsult AS
Postboks 103
5291 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/1197 - 17/30324

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
23.10.2017

Orientering om vedtak i Plan- og miljøutvalet - gbnr 147/50 Sellevoll

Klage på avslag på søknad om dispensasjon for oppføring av 2 einebustadar på eigedom gbnr 147/50 vart handsama av Plan- og miljøutvalet i møte den 18.10.17, der følgjande vedtak vart fatta:

PM-vedtak 18.10.17

Plan og miljøutvalet gir klager medhold og gir dispensasjon som omsøkt.

Dispensasjon setter ikkje planens overordna mål, LNF føremålet, vesentlig til sides. Tomten Gbnr 147/50 er alt frådelt og vil ikkje føra til auka- eller uheldig om disponering og fragmentering av landbruksområde eller anna grønstruktur som er brukt av allmenta. Tiltaket vil ikkje få ein fram herskande plass i kulturlandskapet eller være øydeleggande for dette, då tiltaket ligg inn til og bak eksisterande busetnad og bygg. Tiltak kjem heller ikkje i konflikt med kommuneplans føresegner jf. punkt 5.1 om tiltak som er for landbruk og gardbasert næringsverksemd då tomten alt er frådelt og ikkje er ein del av grunnlaget på hovudbruket lenger.

Landbruksmynde i Lindås kommune har støtta klagar og kommunen si vurdering av at tiltaket ikkje vesentleg sett LNF-føremålet til side.

Eigedommen skal nytta eksisterande privat veg. Ved bruk av eksisterande privat/vegkryss ut i fylkesvei, skal dette utbetrast til dagens standar. Det vil gi eit auka tryggleiksnivå på avkjøring/utkjøring frå fleire eigedommar og soleis heve HMS forholda på staden.

Tiltaket skal koble seg på eksisterande avlaupsleidning som går til sjø. Vidare er det planlagt borehol for vatn på eigen grunn. Miljøforhold er soleis tatt vare på i søknaden.

PMU meiner at dispensasjon støttar samfunnsdel til kommuneplanen for 2017-2029 der det i "strategi 32" går fram at ein skal legge til rette for spreidd busetnad og mindre byggefelt i heile kommunen. Politisk er det viktig med utvikling i heile kommunen og denne dispensasjon vil støtte opp under dette.

PMU kan ikkje sjå at, Lov om planlegging og byggesaksbehandling § 1-1.Lovens formål; Loven skal fremme bærekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar, blir satt til side.

Tiltaket byggjer opp under formålet i loven til beste for den enkelte(tiltakshaver) samfunnet(levande bygder) og moglegheit å busetja seg i spret busetnad for framtidige generasjonar. Tiltaket fremmer soleis berekraftig utvikling i bygdene.

Post

postmotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



PMU ser etter ei heilhets vurdering at fordelane med å gi dispensasjon er klart større en ulempene. PMU kan ikkje så at saka danner presedens, då kvar sak om dispensasjon skal vurderast individuelt.

Saksutgreiing med vedtak er vedlagt.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Dokument i saka ligg tilgjenge på følgjande lenke: http://innsyn.sing.no/Lindas/innsyn/17_1197

Med helsing

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Klage på avslag på søknad om dispensasjon og løyve til oppføring av 2 einebustadar - gbnr 147/50 Sellevoll

Kopi til:

Arkoconsult As	Postboks 103	5291	VALESTRANDSFOSSEN
Nils Kristian Berge	Hardangerfjordveg en 440	5610	ØYSTESE
Nils Kristian Berge	Hardangerfjordveie n 440	5610	ØYSTESE
Nils Kristian Berge	Hardangerfjordveie n 440	5610	ØYSTESE

Mottakarar:

Arkoconsult AS	Postboks 103	5291	VALESTRANDSFOSSEN
----------------	--------------	------	-------------------